



Det blir nytt liv i Vertshuset frå 18. juni, melder Kvinnheringen.

Det er selskapet Uskedalen Vertshus Nilsen som har teikna ein leigekontrakt med eigaren Røssland for å driva restaurantdrift i lokala. Men det er ikkje berre planar om å driva tradisjonellrestaurantdrift, selskapet har søkt om utvida skjenketid for å driva diskotek/nattklubb i lokala.

I dag (torsdag) skulle formannskapet ha ei hastebehandling av skjenkesøknaden frå selskapet. Men det mangla uttale både frå lensmannen og tiltak- og rådgjevingstenesta for vaksne.

Formannskapet gav difor rådmannen alle fullmakter for å handsama søknaden vidare. Det er Morten Nilsen frå Oslo som skal vera ansvarleg for den nye drifta i Vertshuset.

Stedfortredar vert Eline Tangen Vaage frå Stavanger.

I søknaden sin argumenterer Nilsen med at Kvinnherad i dag manglar eit tilbod som diskotek og nattklubb.

– Folk i Kvinnherad har behov for ein stad med lengre opningstid enn til klokka 01.00, spesielt i sommarmånadane når folk har ferie, og kommunen har besøk av mange tilreisande, skriv Nilsen i søknaden sin.

Han håpar å opna restaurantdrifta den 18.juni.